

**Protokoll**  
**Styremøte nr. 9/2016**  
***Norges Friidrettsforbund***

11.november kl. 17.00-13. november kl 13.00  
på Hotell Ernst, Kristiansand

**Tilstades:** Tore Hordnes, Kalle Glomsaker, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Ellen Strøm Juliussen (via skype ), Monica Grefstad Frøynes og Atle Guttormsen.

**Forfall:** Svein Arne Hansen, Anne Farseth og Stine Haugum.

**Referent:** Narve Heggheim

**Frå sentraladministrasjonen:** Narve Heggheim, Berit Nøbben (sak75, 76). Håvard Tjørhom (sak 76 , 81) , Tonje Svenneby ( presentasjon via Skype i sak 76).

**Saksliste for styremøte 9-2016:**

- Sak 74/2016 Godkjenning av innkalling og protokoll/referat frå forrige styremøte 30.9.2016
- Sak 75/2016 Regnskapsrapport pr 31.10.2016
- Sak 76/2016 Budsjett 2017
- Sak 77/2016 Sanksjonsbestemmelser barneidrettsreglene.
- Sak 78/2016 Saker til friidrettstinget 2017
- Sak 79/2016 Forberedelser til friidrettstinget 2017- tidsfrister og ansvar
- Sak 80/2016 Orientering om aktuelle saker fra styremedlemmene
- Sak 81/2016 Krav og kriterier 2017
- Sak 82/2016 Prosessar omkring terminliste og nasjonale mesterskap

**Sak 74/2016 Godkjenning av innkalling og protokoll/referat frå forrige styremøte 30.9.2016**

**Vedtak: Innkalling og protokoll/referat vart godkjendtt men med merknad til referat: Styret ber om at det vart gjennomgått rutiner for kommunikasjon i brev/e-post som er sendt til styret.**

**Sak 75/2016 Regnskapsrapport pr 31.10.2016**

Regnskapsrapport med prognose pr.31. oktober vart lagt fram. Prognose indikerer negativt årsresultat på kr 2.144.380,- mot budsjettert underskudd på 2.000.000,-.

**Vedtak: Orienteringa vart teken til etterretning.**

**Sak 76/2016 Budsjett 2017**

Utkast til budsjett vart gjennomgått og drøfta. Styret gjorde endringar for å tilpasse det til dei rammer som er disponible og forslag til styrets budsjett blir sendt over til administrasjon for kvalitetssikring. Endeleg budsjett vert vedteke på neste styremøte.

**Sak 77/2016 Sanksjonsbestemmelser barneidrettsreglene.**

Framlagt utkast til sanksjonsreglar vart gjennomgått og drøfta.

**Vedtak: Forslag til sanksjonsreglement for barneidrettsbestemmelsane vart vedteke. Endeleg godkjenning vert gjort av lovutvalget og styret blir orientert etter vedtak der.**

**Sak 78/2016 Saker til friidrettstinget 2017**

Saker til friidrettstinget vart gjennomgått og drøfta. Vidare saksbehandling av tingsakene vert sett opp på neste styremøte.

**Sak 79/2016 Forberedelser til friidrettstinget 2017- tidsfrister og ansvar**

Styret drøfta og sette opp tidsfristar, ansvarsfordeling og møteplan for og fram mot tinget.

**Sak 80/2016 Orientering om aktuelle saker fra styremedlemmene**

Styremedlemmene rapporterte frå sine arbeidsfelt i styret.

**Vedtak: Orienteringane vart tekne til etterretning.**

**Sak 81/2016 Krav og kriterier 2017**

Forslag til krav og kriterier 2017 vart gjennomgått. I desse inngår også eigenandelar ved mesterskap.

**Vedtak:** Forslag til krav og kriterier vart vedtatt med følgjande endring: Det blir ikkje sendt utøvarar til VM U18 i Kenya. Det skal innarbeidast i dokumentet at det er ein forutsetning for å bli tatt ut til VM at uttekne utøvarar stiller i ETCH om dei blir tatt ut der. Utøvarar som er kvalifisert til fleire meisterskap i ungdomsklassane kan kun delta i eit av meisterskapa. Kvalifiseringskrav til VM i London blir lagt inn når alle desse er publisert. EM motbakkeløp vert innarbeidd med innstilling frå motbakkeløpsutvalget.

**Sak 82/2016 Prosessar omkring terminliste og nasjonale mesterskap**

I reglementa for nasjonale mesterskap står det at det er styret som fastset mesterskapa, men i praksis har dette blitt håndtert administrativt. Styret ønskjer å bli orientert om plasseringa av nasjonale mesterskap.

**Vedtak:** Hovedterminliste vert utarbeidd av administrasjonen og lagt fram for styret før offentleggjering. Overordna prinsipp og sportslege føringar vert behandla i toppidrettsutvalget og oversendt administrasjonen før arbeidet med terminlista startar. Setningen "*Styret fastsetter datoer*". i punkt 2.1 under NM/UM reglement blir fjerna.

Møtet slutt 13. november klokka 12.00